

Litt historikk om bruket Eidsfoss som vart Hemne aldersheim.



Kring 1890-åra var det ein Rasmus Lossius som åtte ein av Eidsgardane, og Eidsfoss var da eit underbruk av Eidsgarden. Lossius dreiv ein liten landhandel her, men stua der handelen var stod da litt lengre ned, nærare vegkrysset enn der husa noe er.

Sommaren 1890 eller -91 brann dette huset ned til grunnen. Lossius bygde da eit nytt og større hus litt lenger oppe som han dreiv handel i. Det er dette huset som seinare vart gamleheim.

I 1896 selde Lossius bruket til ein som heitte Kleive. Lossius flytta sjølv til Kristiansund. Denne Kleive var sjømann, fôr i utanriksfart og var lite heime her på Eidsfoss. Kona og dottera dreiv bruket og fortsette med handel her. Fru Kleive var utdanna tannlege, men vi veit ikkje om ho praktiserte så mykje her. Ho hadde og kunstnarisk evne. Ho fekk tapetsert storstua, og oppunder taket laga ho rosemåling som sat på heilt til aldersheimen vart restaurert rett etter andre verdsdrik. Den store altanen som gjev bygget eit særpreg var det og fru Kleive som fekk bygd.

Bygget hadde tre stuer i fronten mot nord. På kvar side av storstua i midten, var det hjørnestuer. Den mot aust vart måla grøn og vart kalla Grønstua. Den i vest vart kalla Sjukestua da bygget vart aldersheim.

I 1902 selde Kleive eigedomen til emmisær Lars Eide. Han var født i Oppistuo på Eide og var gift med Marta Forve frå Orkdal. Dei hadde fem barn da dei kom til Eidsfoss og fekk det sjette barnet her. Hausten 1905 døde fru Marta, og kort tid etter selde Lars Eide Eidsfossen til Arnt Sættem som kom frå Krokstadøra, men var nordmøring av fødsel. Han dreiv og handel her.

Etter 6-7 år selde Sættem Eidsfossen attende til Lars Eide som hadde vore på Stortinget ein periode. Lars Eide hadde og fått seg ei ny kone, Anlaug Sveinungsdotter Flåten frå Telemark.

I denne tida, rett før første verdsdrik, hadde det hos bygdefolket vakse fram eit krav om ein heim for ein del gamle i bygda. Det var fleire og fleire som reagerte på at sjuke og gamle skulle auksjonerast bort til lågaste bod, og tykte det var ein uverdige måte å handsame dei eldre på.

Lars Eide baud da fram eigedomen til kommunen som aldersheim, og handel vart avgjort i 1916. Kjøpesummen var Kr. 8000.- Det første styret med fem medlemmer var vald: Prost Bull Hansen vart vald som formann, vidare skreddarmeister Øyan, Arnt Chr. Sættem, Ulise Nielsen og Magnhild Gravdal.

Det vart kalla saman til styremøte i det store, tomme huset på Eidsfoss.

I Grønstua stod det att ein bra omn og eit par langbenkar som var for skrøpelege til å vera med på auksjonen som vart halden tidlegare. Desse benkane var det styret sat på under dei første møta. I kjellaren fans det ei tomtønne og ei skåpdør. Dette vart bruka som bord. Til og med kaffe vart servert. Damene i styret (sjølvsagt) hadde med seg mat og koppar, og ei ærverdig dame, Karen Jakobsen som budde i Kvilvangstua (Rasmusstuo) rett attmed, koka kaffen og serverte.

Arbeidet med å skape ein gamleheim i bygda var i full gang. Formannen Bull Hansen var ein nøyaktig og samvitsfull mann som etter nøye vurdering fordelte arbeidet til dei einskilde styremedlemmene. Dei to kvinnene i i styret fekk arbeidet med å skaffe fram sengeutstyr og det som trongs på kjøkenet. Dette var midt under første verdskrigen og vanskeleg å få tak på varer. Dessutan skulle det ikkje brukast for mykje pengar. Det vart kjøpt sekkestrie til bolstertrekk som vart fylt med halm. Ferdigsydd sengeutstyr var ikkje i handelen, så alt måtte saumast med handmaskin. Utstyr til i alt 26 senger måtte lagast av flittige hender.

Huset var sjølvsagt upraktisk med to bratte trapper opp til andre etasje. Ingen korridorar, så det vart mange gjennomgangsrom.

Året 1917 var alt såpass ferdig at drifta av gamleheimen kunne starta opp. Det første belegget på 14 gamle kom hausten 1917. I 1918 kom 10 nye. I alt 24 hadde da fått plass. Dei gamle og skrøpelege som først fekk flytta inn, tykte det var flotte greier. Eit nytt og stort framsteg i bygda var gjort.

Den første bestyrarinna for heimen var Ellen Lenes, seinare Ellen Alstad. Som kokke fekk ho Marie K. Gravdal og Ellen Lidal som den første hushjelpa saman med eit par andre jenter.

Det var springvatten i kjøkenet og i kjellaren der all klevasken gjekk føre seg. All koking og oppvarming av vatn og rom vart gjort med ved. Det gjekk med om lag 25 famner bjørkved i året.

Gardsbruket sørge for ein stor del av maten på heimen. Dei hadde 2-3 kyr og ungdyr og til ei kvar tid eit par grisar. Hest var det ikkje på bruket, så det var styret som måtte ta seg av våronnarbeidet og slåtten. Elles var det betjeninga på heimen som tok seg av fjøs og gardsarbeidet.

Klosett inne fans sjølvsagt ikkje. Eit stort utedo i fjøset var alt. Ikkje noko bad, vaskefat og bekken fekk klare seg.

Vaktmester eller gardstyrar vart ikkje tilsett før etter andre verdskrigen. Det var berre kvinneleg betjening dei første tretti åra.

Vi må bøye oss i undring for kva desse kvinnene gjorde. Først og fremst stellet av dei gamle, i tillegg til alt det tungvinte arbeidet elles. All klesvaskinga for hand, fjøsstell, slakting, matlaging og brødbaking. Alt måtte desse kvinnene gjere på staden. Enno hadde dei tid til å ta seg av ein framand som kom innom, og mang ein kaffekopp vart servert på det store bordet som stod midt på kjøkengolv. Omsorg og kjærleik lyste ut frå alt dei gjorde. Og dette med omsorg trur eg har hange i heilt til i dag, sjølv om uendeleg mykje anna har vorte forandra. Kva skal ein seia til slikt at no skal kledda køyrast heilt til Lensvika for å vaskast?

No bur ingen av betjeninga på heimen. Før budde alle der. Dei hadde heimen sin lag med dei gamle. Trongs det hjelp om natta tørna dei berre ut, og fortsette ein heil dag etterpå som om ingen ting hadde hendt.

Det er så mange som får heider og ros for bragder i dag. Kva med desse kvinnene som arbeidde natt og dag og som vi aldri hørde klaga? Dei fleste er borte no, men enno lever ein del av desse som kjende mellomkrigstida sitt tunge slit, og under så knappe økonomiske kår at ingen i dag kan tenkja seg det.

Rikdomen bar dei inni seg.

Vi gjev dei alle vår takk!

-----oo-----

Fritt attgjeve etter eit skriv frå mor mi, Magnhild Gravdal f. 1890, d. 1970, skrive til femtiårsjubileet for Hemne aldersheim i 1967.

Lars Gravdal